



HLB

HØGSKULEN
LANDBRUK OG
BYGDENÆRINGAR

STUDIEPLAN

ØKONOMI OG LEIING

Modul I

Modul II

Kvar modul 30 studiepoeng

Godkjent av Utdannings- og forskingsdepartementet 9.12.2002

Revidert juni 2010

”Det skal skje noko”

1.0	Studieplanen sin generelle del	3
1.1	Innleiing	3
1.2	Bakgrunn og kort beskriving av innholdet i studiet	3
1.3	Generelle mål for studiet	4
1.4	Målgruppen for studiet	4
1.5	Opptakskrav	4
1.6	Oppbygging av studiet	5
1.7	Læringsmiljø og arbeidsformer	5
1.8	Vurderingsformer	6
2.0	Modul I – Kartlegging	7
2.1	Reiskapsfag 1 – Rekneskapsforståing	7
	Mål	7
	Innhold.....	7
	Arbeidsform	7
	Arbeidskrav	7
2.2	Reiskapsfag 2 – Rettslære for landbruket.....	7
	Mål	7
	Innhold.....	7
	Arbeidsformer	7
	Arbeidskrav	7
2.3	Studiefag 1 – Bedriftsøkonomisk analyse	8
	Mål	8
	Innhold.....	8
2.4	Studiefag 2 – Landbruksøkonomi	8
	Mål	8
	Innhold.....	8
2.5	Studiefag 3 – Driftsleiing I.....	8
	Mål	8
	Innhold.....	8
2.6	Arbeidsformer studiefaga	9
2.7	Vurdering Modul I	9
3.0	Modul II – Endring og utvikling	10
3.1	Reiskapsfag 1 – Investering/finansiering	10
	Mål	10
	Innhold.....	10
	Arbeidsformer	10
	Arbeidskrav	10
	Mål	10
	Innhold.....	10
3.3	Studiefag 2 – Driftsleiing II	11
	Mål	11
	Innhold.....	11
3.4	Arbeidsformer studiefaga 1 og 2	11
3.5	Arbeidskrav studiefaga.....	11
3.6	Studiefag 3 – Prosjektoppgåve	11
	Mål	11
	Innhold.....	11
3.5	Vurdering Modul II	12
4.0	Vurdering av studiet	13

Pensum Modul I	14
Pensum Modul II.....	15

1.0 Studieplanen sin generelle del

1.1 Innleiing

Studiet økonomi og leiing er totalt på 60 studiepoeng. Det er delt i to sjølvstendige modular der Modul II byggjer på Modul I. Kvar modul er på 30 studiepoeng.

Dei to modulane er delte inn i reiskapsfag og studiefag. Reiskapsfaga skal vera støttefag til det tverrfaglege opplegget som studiefaga er ein del av. Prosjektarbeid er ein del av det tverrfaglege undervisningsopplegget. Evalueringa av reiskapsfaga skjer gjennom arbeidskrav og vurdering av prosjektarbeidet.

Modul I, Kartlegging av ressursar

Reiskapsfag:

Rekneskapsforståing, 4 studiepoeng

Rettslære for landbruket, 10 studiepoeng

Studiefag:

Bedriftsøkonomisk analyse 10

Landbruksøkonomi 6

Modul II, Endring og utvikling

Reiskapsfag:

Investering/finansiering, 6 studiepoeng

Studiefag:

Globalisering/internasjonalisering 6

Driftsleiing 12

Prosjektoppgåve 6

1.2 Bakgrunn og kort beskriving av innhaldet i studiet

Det overordna perspektivet for studiet er å gjera studentane meir profesjonelle i rolla som bedriftsleiar. Ved å læra å kartleggja og analysa eiga bedrift vil ein kunna synleggjera kapitalen som finnest både når det gjeld natur, bygningar, økonomi og personar. Studiet skal gi studentane reiskap til å vurdere kva for slags drift og avgrensingar som finnest for å kunna ta gode val i forhold til endring og utvikling. Dei sentrale fagområda i studiet vil vera driftsleiing og økonomiforståing.

I Modul I vil ein leggja vekt på kartlegging av ressursane i ei bedrift (gard). I Modul II vil vektleggginga vera å utarbeida ein utviklings- og endringsplan for denne bedrifta (garden).

1.3 Generelle mål for studiet

. Det overordna målet for studiet er å gjera studentane meir profesjonelle i rolla som bedriftsleiar. Det inneber:

- utvikla kunnskap om korleis ein kan setja seg mål for å optimalisera drifta ut frå gitte fysiske og menneskelege ressursar, og på denne måten medverka til god dagleg styring av verksemda
- utvikla kunnskap om økonomiske, politiske og juridiske rammevilkår for bedriften/gården nasjonalt og internasjonalt
- utvikla kunnskap om verknaden av investeringar slik at ein i størst mogleg grad gjer dei rette investeringane til rett tid
- utvikla medviten haldning til bruken av rekneskap og rådgjevingsteneste på ein god og kostnadseffektiv måte

1.4 Målgruppen for studiet

- Personer som er i yrkesaktiv arbeid.

1.5 Opptakskrav

Opptakskravet er generell studiekompetanse. Realkompetanse vert også vurdert i samband med opptaket.

1.6 Oppbygging av studiet

Studiet er bygt opp av to modular. Modul I gir 30 studiepoeng. Modul II gir 30 studiepoeng.

Modul I Kartlegging av ressursar

Reiskapsfag	Rekneskapsforståing Rettslære og landbruket	4 studiepoeng 10 studiepoeng
Studiefag	Bedriftsøkonomisk analyse Landbruksøkonomi	10 studiepoeng 6 studiepoeng

Modul II Endring og utvikling

Reiskapsfag	Investering/finansiering	6 studiepoeng
Studiefag	Globalisering/internasjonalisering Driftsleiing II Prosjektoppgåve	6 studiepoeng 12 studiepoeng 6 studiepoeng

1.7 Læringsmiljø og arbeidsformer

Læring er ein aktiv prosess. Vi lærer av andre og i samspel med andre. Å utvikla eit dynamisk samhandlande læringsmiljø vert viktig, eit miljø som er prega av samarbeid, utvikling og handling, eit miljø der ein er trygg og har respekt for kvarandre og for kvarandre sine bidrag.

Målet er at ”det skal skje noko”, og då må ein både leggja vekt på prosess og produkt. Undervisninga skal innehalda fleire funksjonar. Dei viktigaste er : formidling, bearbeiding og tilbakemelding. Faglærer vil ha ansvar for å leggja til rette for undervisninga, men både lærar og student vil vera viktige aktørar i alle funksjonane i undervisningssituasjonane. For å knyta teori og praksis saman på ein god måte, vert studentane sine egne erfaringar ein viktig del av studiestoffet i tillegg til teoristoff.

I arbeidsformene i studiet skal ein leggja vekt på problemorientering og deltakaraktivitet. Studentane skal sjølv vera aktive med å bringa inn egne erfaringar, reisa problem osv., for å vekka behov for ny kunnskap og kopla ny kunnskap til det dei veit og kan frå før. Ny kunnskap og nye perspektiv på problemstillingar vil verta gitt gjennom førelesingar og eige studium av litteratur.

Samtaleundervisning og veksling mellom plenum og grupper vil vera formålstenlege arbeidsformer. I tillegg vil ulike former for skriftlege oppgåver verta brukte både for å styrka læreprosessen og for å kunna gi og få tilbakemelding på denne.

Studiet skal ivareta aktualitet og interesse, sjølvstende og samarbeid, utforsking og utprøving, resultat og formidling. Prosjektarbeid vil vera ein sentrale arbeidsmåte.

1.8 Vurderingsformer

Arbeidskrav

I studietida vert det stilt arbeidskrav til studentane. Eit arbeidskrav kan vera skriftleg eller munnleg, og det skal utførast individuelt, i gruppe eller som ein kombinasjon av desse framgangsmåtane. Det vert gitt tilbakemelding på arbeidskrava. Denne tilbakemeldinga vil syna om studentane har nådd det faglege nivået ein har grunn til å venta. Kombinasjon av arbeidskrav og tilbakemelding vil syna, framdrifta i læreprosessen både for student og lærar.

Arbeidskrava vert vurderte i forhold til vurderingsuttrykka godkjent/ikkje godkjent. For å kunna gå opp til eksamen, må arbeidskrava vera godkjende.

Eksamen

Det vil vera både ein skriftleg og ein munnleg eksamen i kvar modul. I Modul I nyttar ein vurderinga godkjent/ikkjegendkjent. I Modul II nyttar ein bokstavkarakterane: A, B, C, D, E og F.

A er beste karakter. Studenten må oppnå A, B, C, D eller E for å få godkjent eksamen. Bokstaven F betyr ikkje godkjent.

2.0 Modul I – Kartlegging

2.1 Reiskapsfag 1 – Rekneskapsforståing

Omfang: 4 studiepoeng

Mål

Gi deltakarane ei innføring i korleis årsrekneskapen er bygd opp og korleis rekneskapsrapportane kan nyttast aktivt i styring av verksemda

Innhald

Rekneskapsrapportane, rekneskapsprinsippa, registrering, årsoppgjer, analyse og vurdering av rekneskapsinformasjon

Arbeidsform

Førelingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgåver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærer. Avtalte oppgåver må vera godkjente for å kunna gå opp til eksamen.

2.2 Reiskapsfag 2 – Rettslære for landbruket

Omfang: 6 studiepoeng

Mål

Kurset gir ei innføring i rettslege emne som kan vera særleg nyttig for den som har yrke innanfor regnskapskontorer og bedrifter/gårdsbruk Det er eit formål å gjera studentane kjende med rettsreglar generelt. Det er og eit mål utvikla studentane si evne til å løysa problem der lovar og anna rettsleg stoff er med i grunnlaget for avgjerda.

Innhald

Stoffet er mellom anna henta frå følgjande emne: Rettskjelder, familierett (formuetilhøva mellom ektemakar), odelsrett, åsetesrett, tinglysingsordningar, rettshøvet mellom grannar, vassdrag, hevd, allemannsretten og allmenningsretten, lov om særlege råderettar over framand eigedom, sameige, konsesjon og allmenn forvaltningsrett (m.a. forvaltningsliv, offentlegheitslov og lov om Stortingets ombodsmann for forvaltninga)

Arbeidsformer

Førelingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgåver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærer. Avtalte oppgåver må vera godkjende for å kunna gå opp til eksamen.

2.3 Studiefag 1 – Bedriftsøkonomisk analyse

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Kurset skal gi nødvendige grunnleggjande kunnskapar i bedriftsøkonomisk teori og metode og gi innsikt og trening i bruk av økonomiske modellar og bedriftsøkonomiske analysemetodar.

Innhald

Det økonomiske modellomgrepet, kostnads- og inntektsteori, marknadsformer og marknadstilpassing, produktkalkulasjon og kostnadsbasert prissetting, innføring i driftsrekneskap, bruk av data frå driftsrekneskapen: kostnad, volum og resultatsamanhengar, samt produktutvalsproblem, hovudprinsippa i bokføring og rekneskapsavslutning

2.4 Studiefag 2 – Landbruksøkonomi

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Ein tek sikte på å visa at struktur og produksjonsutvikling i jordbruket er eit samspel mellom teknologi, marknadskrefter, politikk og naturgjevne vilkår. Det blir lagt vekt på grunnleggjande forståing av marknadene for jordbruksvarer og samvirkeorganisasjonane sine særtrekk og rolle i norsk landbruk.

Innhald

Viktige emne i kurset er: særpreg ved tilbud og etterspørsel av jordbruksvarer, pris- og inntektsproblemet i jordbruket, pris- og marknadsordningar, omsetningsmarginar, landbruket og miljøet, teoriar for verkemiddelbruken i høve til målsetjingane i landbruks- og miljøpolitikken, oversikt over omfang og aktivitet i samvirkeorganisasjonane, utviklingstrekk for samvirke i Noreg, samvirke som organisasjonsform – tradisjon og endringar, lokaliseringsfaktorar for jordbruksproduksjonen, internasjonal handel med jordbruksvarer

2.5 Studiefag 3 – Driftsleiing I

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Etter fullført kurs vil deltakarane

- kunne utføra ein systematisk analyse av rolla som leiar
- kunne utføra utviklingsarbeidet (OU) i eiga verksemd ved systematisk bruk av prosjektarbeid

Innhald

- organisasjons- og arbeidspsykologiske teorier om motivasjon, rolle, kognitive prosessar, personlegdom, gruppedynamikk og leiing
- prosjektarbeid som eit verkty for å utvikle eiga verksemd

2.6 Arbeidsformer studiefaga

Føreløsing, gruppearbeid, seminar, sjølvstudium, skriftlege oppgåver, munnlege framlegg, prosjektarbeid

2.7 Vurdering Modul I

Eksamen:

1. Her skal vera individuell munnleg eksamen, der kvar student forsvare prosjektoppgåva, og med både faglærer og ekstern sensor.
2. Her skal vera individuell skriftleg eksamen, 4 timar, med spørsmål frå reiskapsfag og studiefag. Eksamen skal vurdast av faglærer

Begge eksamenane vert vurderte til godkjend/ikkjegodkjend.

3.0 Modul II – Endring og utvikling

3.1 Reiskapsfag 1 – Investering/finansiering

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Kurset skal gi deltakarane innsikt i problem knytte til investering og finansiering, og gi innsikt i ulike metodar for prosjektvurdering.

Innhald

Budsjettering av kontantstrømmar, investeringskalkylar, før- og etterskattkalkylar, nominelle og reelle kalkylar, handtering av risiko, finansieringskjelder og kapitalmarknader, med effektiv rente

Arbeidsformer

Førelesingar, gruppeøvingar og oppgåveløysing

Arbeidskrav

Avtalte oppgaver skal leverast inn og godkjennast. Studentane får tilbakemelding på oppgåvene av faglærar. Avtalte oppgaver må vera godkjende for å kunna gå opp til eksamen.

3.2 Studiefag 1 – Globalisering/internasjonalisering

Omfang 6 studiepoeng

Mål

Deltakarane skal arbeida seg fram til å forstå samanhengane og kunnskapen om regelverk innan internasjonal handel med landbruksvarer, og til å forstå kva konsekvensar det har for nasjonal landbrukspolitik.

Innhald

Det vil bli lagt stor vekt på kunnskap om WTO og kor viktig denne organisasjonen er. Det vil vidare bli lagt vekt på utviklinga i EU og dei konsekvensane denne har for landbruket. I kurset vil vi òg sjå på dei nasjonale og internasjonale miljøkonsekvensane som globalisering/internasjonalisering har for landbruket.

3.3 Studiefag 2 – Driftsleiing II

Omfang 12 studiepoeng

Mål

Etter fullført kurs vil deltakarane

- ha oversikt over dei viktigaste forholda som skaper ei optimal drift ut frå dei materielle og menneskelege ressursane ein som leiar råder over
- kunna formulera gode arbeidsmål for seg sjølv og for ulike medarbeidarar
- kunna utføra ein gapanalyse mellom eigen kompetanse og ønskeleg kompetanse som leiar
- kunna vurdere driftsorganisasjonen i eiga verksemd ut frå ulike perspektiv på organisering
- ha innsikt i forhold som skil familieverksemd frå verksemd med annan eigarskap

Innhald

- trivsel og stress
- resultatretta leiing
- sjølvleiing, leiarutvikling, irrasjonalitet som grunnlag for endring i organisasjonar og kompetanseendring
- ulike perspektiv på organisasjonar

3.4 Arbeidsformer studiefaga 1 og 2

Førelasing, gruppearbeid, seminar, sjølvstudium, skriftlege oppgåver, munnleg framføring

3.5 Arbeidskrav studiefaga

Oppgåver tilknyta pensumskal leverast inn og godkjennast. Faglærer gir tilbakemelding på oppgåvene.

3.6 Studiefag 3 – Prosjektoppgåve

Omfang 12 studiepoeng

Mål

- Studentane skal utarbeida ein konkret utviklingsplan for ei konkret investering inklusiv driftsfasen.
- Studentane skal gjennom prosjektarbeidet visa at dei har forstått og kan nytta relevant teori både frå reiskapsfag og studiefag

Innhald

.Prosjektoppgaven skal inndeles i to hovedfaser :

- Investering fasen
- Driftsfasen

3.5 Vurdering Modul II

Eksamen:

1. Skriftlig prosjektoppgave og muntlig eksamen basert på prosjektoppgaven. Ekstern sensor
2. Skriftlig individuell eksamen basert på pensum 2. året.

Ved eksamen vert det gitt bokstavkarakterane A; B; C; D; E som godkjent eller F som er ikkje godkjent. Studenten vil få to karakterar.

4.0 Vurdering av studiet

Studiet vil verta vurdert både undervegs og ved slutt.. Det vil skje gjennom vurdering av studentane sine arbeid, ved studentane sjølve og av andre.

	Formativ vurdering	Summativ vurdering
Vurdering av student	Undervegsvurdering - skriftleg og munnleg vurdering av arbeid med arbeidskrav i dei enkelte hovudemna	Eksamen: Modul I: - - skriftleg eksamen Modul II: - prosjektoppgåve - munnleg eksamen
Vurdering av studiet	- studiediskusjonar undervegs - vurdering av dei ulike hovudemna - tilbakemelding frå samarbeidspartnarar som studentar og høgskulen sine tilsette har kontakt med	- sensorrapport - sluttevaluering frå studentane - sluttevaluering frå lærarane - vurdering av studiet etter eit år

Pensum Modul I

Rekneskapsforståing, 4 studiepoeng	Kristoffersen, Trond: <i>Årsregnskapet – en grunnleggende innføring 2. utgave Fagbokforlaget 2005</i>
Bedriftsøkonomisk analyse, 10 studiepoeng	Hoff, Kjell Gunnar: <i>Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse, 5. utgave, Tano, 2005</i> Tilrådd litteratur/alternativ pensumlitteratur: <i>Klepp gardsrekneskap: På skattejakt i regnskapet</i>
Rettslære for landbruket, 10 studiepoeng	Olav Sundet: <i>Lov og rett i landbruket, Landbruksforlaget, 4. utg. 2001</i> <i>NORGES LOVER 1687-2003</i> ((Evt. kan brukes Norges Lover, Lovsamling for høyere økonomisk/administrativ utdanning. Ad Notam Forlag. Siste utgave). Studentane må være orienterte om nye lover når dei gjeld emne som inngår i pensum, og må også være orientert om andre rettsendringar vedr. pensum.
Landbruksøkonomi, 6 studiepoeng	Vidar Ringstad: <i>Samfunnsøkonomi I, utvalgte deler.</i> Brunstad, Gaasland, Vårdal: <i>Utvikling eller avvikling – jordbruket ved en skilleveg.</i>

Pensum Modul II

Globalisering/internasjonalisering, 6 studiepoeng	Vidar Ringstad, <i>Samfunnsøkonomi I</i> , deler av boka Normann Aanesland: <i>Internasjonal handel med jordbruksvarer</i> . 1993 Bjørn Strøm: <i>Veien til EØS</i> NILF: Rapport 2004 - 7 Landbruket i Norge og EU, status og utviklingstrekk, deler av rapporten
Investering/finansiering, 6 studiepoeng	<i>Bredesen, Ivar: Investering og finansiering, 3utg. Gyldendal 2005</i>
Driftsleiing II, 12 studiepoeng	T. Hylland Eriksen, T. Gad, Ø. Martinsen, G. Thompson (red.) (2003): <i>Selvledelse Menneskelig kapital i det nye arbeidslivet</i> Gyldendal Akademiske B.Johs. Koltveit, J. Lerheim, T. Reve (3. utg. 2009): <i>Prosjekt</i> Universitetsforlaget J. Aarum (2009): <i>Organisasjonsteori</i> Universitetsforlaget
Prosjektoppgåve, 6 studiepoeng	J. T. Karlsen, P. Gottschalk (2008): <i>Prosjektledelse</i> Universitetsforlaget 2. utgave B.Johs. Koltveit, J. Lerheim, T. Reve (3. utg. 2009): <i>Prosjekt</i> Universitetsforlaget Sjølvalt pensum

